

76. ¹ Tone: Blandt alle lande i aust aa vest

1.

Me læs aa dikta me syng aa skriv
Aa alt gjeng ut um vort folkeliv
Paa kva me læra
paa kva me gjera
Aa kva me driv

2.

Men sjaa me paa da so faa me sjaa
At bondefolkje vert kлага paa
Forlite gjera
Formyke tæra
Ein drusa paa

3.

Me bondefolk kringom lande sit
Ein maa beklaga so lite vit
I moldi grava
Paa sjoen slava
I sut aa slit

4.

Du store mann ved ditt skrivebord
Faa deg ein baat, eller faa deg jord
So kan du grava
So kan du kava
Paa land aa jord

5.

Eg tenkje du vart baa trøytt aa heit
Eg ottast fyre du vart kje feit
I pengavegen
Du vart forlegen
Du kom i beit

6.

Sjaa fiskarfolkje langs med vor kyst
Dei faar vel taka so mang ein dyst
Taa live faarleg
Des meir aalvorleg
Krev dug aa lyst

7.

Naar kvar ein mannen sat lunt ikraa
Dar kom kje mykje paa torje daa
Legg fraa dykk boki
Tak *svaasebroki*
So faar dei sjaa

8.

Kva meina dykk um ein sjømandsstand
So fara kravla kring alle land
So vare føra
Til vora døra
I norrigs land

9.

Den norske bonde aa kvar sin mann
So slit aa streva paa sjo aa land
Dei er vor æra
Aa bør da væra
Den er so sand.

10.

Aa høgt me æra dei gjeve menn
So leva kringum i gard aa grunn
So dtend med rore
Aa føra orde
Me vyrda dem

11.

Aa kvar den mannen so leve bra
Aa fø seg sjølv han maa vyrdna ha
Han hjelper sine
Han hjelper hine
Aa da er bra.

12.

Aa kvar den mann so er sjuk aa saar
me rekkjer handi me det formaar
Me maa dei hyggja
Me maa dei tryggja
De Gud so raar.